

Orientering og samtykke foresatte

Til Ragnhild Mostøyl

ORIENTERING

Åni Haddad Mostøyl blir i fyrste kommunestyremøte til hausten valt inn som fast representant i Tokke ungdomsråd for dei to neste åra. (2024-25 og 2025-26) Gratulerer!

Målsettinga for Ungdomsrådet er å gje ungdom høve til:

- Å aktivt medverke i vedtaksprosessar.
- Å kome med innspel i saker som vedkjem dei.
- Å vere kommunens nærmaste samarbeidsorgan i saker som vedkjem ungdom.

Ungdomsrådet skal bidra til at born og unge får innsikt i politiske saker og reell medverknad i saker som vedkjem dei. Me meiner at deltaking på slike møte vil gje verdifulle erfaringar som og er nyttige i skulesamanheng.

Møteverksemd

Ungdomsrådet vil få naudsynt opplæring i kva det inneber å vere medlem i eit ungdomsråd, og dei skal konstituere seg sjølv i fyrste møte på hausten. Innkalling med sakliste blir sendt ut seinast ei veke før møta. Varigheit på møta kan variere mellom to til fire timar, og totalt blir det lagt opp til om lag 6 møter i året. Deltaking på ungdomsting og evt. andre samlingar i regionen kjem i tillegg. Slike tilleggsmøter/samlingar blir avgrensa til eit minimum.

Møtestad

Ungdomsrådet har i hovudsak sine møter på Tokke kommunehus eller Høydalsmo skule på ettermiddag/kveldstid. I innkallinga vil det stå kva for møtestad ein nyttar for det aktuelle møtet. Koordinator vil opprette direkte kontakt med medlemmane i ungdomsrådet for å organisere transport.

Deltaking på konferanser, seminar og samlingar

Ungdomsrådet får invitasjonar til å delta på ulike samlingar. Då kan ein treffe andre ungdommar og lære mykje spennande. Ungdomstinget og felles ungdomsrådssamling i regi av Vest-Telemarkrådet er døme på slike samlingar.

Godgjersle og reiseutgifter

Rådsmedlemmar har krav på betaling (godtgjering) for arbeidet sitt, ut frå kommuneloven § 8-4. Det er kommunestyret som fastsett kor mykje godtgjering representantane får. Det blir lagt opp til at det ikkje skal vere reiseutgifter. Eventuelle utlegg av køyreutgifter blir dekt av kommunen ved framvising av kvittering.

Fråvær

Møter i Ungdomsrådet blir i all hovudsak lagt til ettermiddag/kveldstid for å minske fråvære frå undervisning. Ulempa er at det er krevjande å vere på skulen ein heil dag, og stille på møte i etterkant, og ein erfarer at medlemmar er slitne. Då hjelper det med noko servering før møte tek til. Dei tilfella Ungdomsrådet skal delta på samling eller anna heildagsfråvær, skal det søkjast permisjon. Koordinator vil vere behjelpeleg med dette. Ein vil i samarbeid med skulen si leiing bidra til at denne deltakinga ikkje medfører ulemper for elevane. Fråvær i organisasjonssamanheng skal ikkje medføre problem for karaktersetting. Etter forskrift til opplæringslova § 3- 47 har elevar rett til å søkje om fråtrekk av fråvær inntil 10 dagar pr. skuleår for organisasjonsarbeid. Ved behov for ytterlegare informasjon, ta kontakt med koordinator. Vedtekne retningslinjer for Tokke ungdomsråd ligg ved.

Samtykke

Tokke kommune ynskjer at du/dykk gir samtykke til at ungdommen din/dykkar får fri frå skulen til møter/samlingar i Tokke Ungdomsråd . Møta blir i all hovudsak lagt til etter skuletid, så fråver frå skule gjeld eventuelle samlingar og unntaksvis for ordinære møter. Ved behov kan ungdommen bli henta av koordinator for Ungdomsrådet (underteikna) og køyrd til og frå møtestad. I dei tilfella det er mogleg å nytte kollektivtransport mellom møtestad og skule/heim blir det prioritert. Reiseutgifter vil bli refundert. Kommunen ynskjer òg at du/dykk samtykker til at namn og bilde av ungdommen kan offentleggjerast, og at media kan få innsikt i saker, og vere til stades på ungdomsrådsmøter, samt intervju ungdommane.

Underskrive samtykke kan returnerast til Tokke kommune, Storvegen 60, 3880 Dalen, direkte til skulen, eller i e-post til: postmottak@tokke.kommune.no.

Elevens namn

Dato, stad

Namn på føresett(e)